




# NOTAT

## *Marknadsanalyse av interessa for klyngetur*

*Ove Oklevik og Are Vegard Njøsen*

N NR 3/2005 AVDELING FOR ØKONOMI OG SPRÅK

TITTEL	NOTATNR.	DATO
Marknadsanalyse av interessa for klyngetun	3/05	25/4
PROSJEKTTITTEL	TILGJENGE	TAL SIDER
Klyngetunprosjektet		58
FORFATTAR	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
Ove Oklevik Are Vegard Njøsen	Ove Oklevik	
OPPDAGSGJEVAR	EMNEORD	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Landbruksavdelinga	Klyngetun Beskrivande statistikk Diskriminantanalyse	
SAMANDRAG		
Fylkesmannen si landbruksavdeling har gjennom prosjektet "Det moderne klyngetun – ein buplass for fleire enn bønder", som hensikt å vurdere ulike kombinasjonar av bustadtun og driftstun på gardsbruk. Som ein del av dette prosjektet har det blitt gjennomført ei marknadsgranskning. Dette notatet er ein rapport som dokumenterer denne marknadsanalysa.		
SUMMARY		
The primary objective of this paper is to report the results from the marketing research project "Cluster of Houses facing a yard". The project has been funded by the County Governor in Sogn og Fjordane, department of agriculture, as a part of a larger project "The modern cluster of houses facing a yard, a place to live for others than farmers".		
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR
	0806-1696	

## **Forord**

Fylkesmannen si landbruksavdeling har gjennom prosjektet "Det moderne klyngetun – ein buplass for fleire enn bønder", som hensikt å vurdere ulike kombinasjonar av bustadtun og driftstun på gardsbruk. Som ein del av dette prosjektet har det blitt gjennomført ei marknadsgransking. Dette notatet er ein rapport som dokumenterer denne marknadsanalysa.

Vi har vore 2 stykker som har delteke i prosjektet. Høgskulelektor Ove Oklevik har vore prosjektleiar, medan bachelor kandidat i økonomi og administrasjon Are Vegard Njøsen har vore prosjektmedarbeidar. Vi vil nytta høvet til å takka fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/landbruksavdelinga for oppdraget.

Sogndal 26.april 2005.

---

Ove Oklevik

---

Are Vegard Njøsen

## Innhaldsliste

	Sidetal
Figur liste	2
Tabell liste	3
1 Samandrag	4
2 Innleiing	6
2.1 Kva er eit klyngetun?	6
2.2 Problemstilling	7
3 Metode	8
3.1 Forskingsdesign	8
3.1.1 Eksplorativt design	8
3.1.2 Beskrivande design	8
3.1.3 Kausalt design	9
3.1.4 Vi brukar beskrivande design og kausalt design	9
3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode	9
3.2.1 Kvalitativ metode	9
3.2.2 Kvantitativ metode	10
3.2.3 Vi brukar både kvalitativ metode og kvantitativ metode	10
3.3 Utval	10
3.4 Diskriminantanalyse	10
3.5 To-gruppe diskriminantanalyse	11
4 Presentasjon av data	13
Kjønn	13
Alder	13
Sivilstand	14
Antal born	15
Utdanning	15
Utdanning partnar	16
Arbeidssituasjon	16
Interesse av å bu i eit klyngetun	17
Plassering av tomt på garden	18
Eigarforhold	18
Kva betyr mest viss du skulle flytte til klyngetun	19
Tilknyting til Sogn og Fjordane	20
Interesse til å flytte til Sogn og Fjordane	20
Aktuelt å bu i andre delar av distrikts Noreg enn	
Sogn og Fjordane ?	21
Relevant jobb	22
Godt næringsmiljø	22
Barnehageplass	23
Kort veg til skule	24
Helsetilbod	25
Kommuneøkonomi	25
Kollektivtilbod	26
Stort fritidstilbod	27
Alle kjenner alle	27
Tilgang til natur	28

Barn får kontakt med dyr	29
Sidetal	
Mindre stress	29
Kort avstand til butikk	30
Tilgang på kultur	31
Inntekt	32
5 Analyse	33
5.1 Kva haldningar er det til å flytte til klyngetun i marknaden?	33
5.2 Er etablering i klyngetun i det heile tatt interessant?	36
5.3 Beskriving av bakgrunnskjenneteikn til eventuelle interesserte/uinteresserte respondentar	44
5.4 Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for klyngetun?	46
5.5 Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for å flytte til Sogn og Fjordane	48
5.6 Kva er viktig for å flytte ut av Bergen og til ein Distriktskommune	48
6 Konklusjon	51
Litteraturliste	53
Spørjeskjema	54

## **Figur liste**

4.1 Kjønn	13
4.2 Alder	13
4.3 Sivilstand	14
4.4 Antal born	15
4.5 Utdanning	15
4.6 Utdanning partnar	16
4.7 Arbeidssituasjon	17
4.8 Interesse av å bu i eit klyngetun	17
4.9 Plassering av tomt på garden	18
4.10 Eigarforhold	19
4.11 Kva betyr mest viss du skulle flytte til klyngetun	19
4.12 Tilknyting til Sogn og Fjordane	20
4.13 Interessert i å flytte til Sogn og Fjordane	21
4.14 Aktuelt å bu i andre delar av distrikts Noreg enn Sogn og Fjordane?	21
4.15 Relevant jobb	22
4.16 Godt næringsmiljø	23
4.17 Barnehageplass	23
4.18 Kort veg til skule	24
4.19 Helsetilbod	25
4.20 Kommuneøkonomi	26
4.21 Kollektivtilbod	26
4.22 Stort fritidstilbod	27
4.23 Alle kjenner alle	28
4.24 Tilgang til natur	28
4.25 Barn får kontakt med dyr	29

4.26 Mindre stress	30
	Sidetal
4.27 Kort avstand til butikk	31
4.28 Tilgang på kultur	31
4.29 Inntekt	32
5.1.1 Plassering av bustad på garden	34
5.1.2 Eigarform	35
5.1.3 Kva betyr mest viss du skulle flytte til klyngetun	36
5.3.1 Interessert/uinteressert og kjønn	37
5.3.2 Interessert/uinteressert og alder	38
5.3.3 Interessert/uinteressert og sivilstand	38
5.3.4 Interessert/uinteressert og antal born	39
5.3.5 Interessert/uinteressert og utdanning	40
5.3.6 Interessert/uinteressert og utdanning partnar	41
5.3.7 Interessert/uinteressert og arbeidssituasjon	41
5.3.8 Interessert/uinteressert og tilknyting til Sogn og Fjordane	42
5.3.9 Interessert/uinteressert og inntekt	43
5.6.1 Interessert/uinteressert og born og dyr	49
5.6.2 Interessert/uinteressert og tilgang til natur	49

## Tabell liste

5.4.1 Variablar som ikkje er med på dei ulike trinna i analysa	44
5.4.2 Variablar i analysa	45
5.4.3 Eigenverdien til modellen	45
5.4.4 Wilks` Lambda test på heile modellen	45
5.4.5 Standardiserte diskriminant funksjon koeffisientar	45
5.5.1 Variablar som ikkje er med på dei ulike trinna i analysa	46
5.5.2 Variabel i analysa	47
5.5.3 Eigenverdien til modellen	47
5.5.4 Wilks` Lambda test på heile modellen	47
5.5.5 Standardiserte diskriminant funksjon koeffisient	47

## 1 Samandrag

Det blir fleire og fleire gardsbruk i Noreg som blir lagt ned og fråflytta, det er ikkje attraktivt å bu på gardane lenger. Økonomien er ofte dårleg og det kan vere einsamt å bu på garden. Det moderne klygetun – ein buplass for fleire enn bonden, kan vere ein løysing på dette. Klygetun er ein gammal buform som var vanleg her til lands for eit par hundre år sidan. Tanken er at ein skal ta denne gamle buformen og modernisere den slik at den kan tilpassast dagens samfunn. Interesserte familiarar skal kunne slå seg ned på garden slik at det bli meir sosialt å bu på bruket. Ungane og vaksne vil få eit tettare nettverk rundt seg enn det ein er vandt med på dagens gardsbruk. Bonden driv garden, og dei som vil kan delta i gardsarbeidet viss dei har lyst til det. Men dei som flytter til eit klygetun må ikkje jobbe på garden. Ein kan få opplevelingane som er rundt eit gardsbruk utan at ein er nøydd til å jobbe som bonde.

Fylkesmannen si landbruksavdeling har gjennom prosjektet "Det moderne klygetun – ein buplass for fleire enn bønder", som hensikt å vurdere ulike kombinasjonar av bustadtun og driftstun på gardsbruk. Som ein del av dette prosjektet har det blitt gjennomført ei marknadsgransking. Dette notatet er ein rapport som dokumenterer denne marknadsanalysa.

I dette prosjektet vart 400 personar busette i Bergen kontakta pr. telefon, av desse svara 108.

Undersøkinga syner at 78 % av respondentane er uinteresserte i å bu på klygetun, og 22 % vil ha ein sterk eller moderat interesserte for konseptet. Vi konkluderer dermed med at det er ein interesse i marknaden for å flytte til klygetun. I tillegg var det fleire respondentar som meinte at ideen klygetun var ein god ide, men at det var uaktuelt for dei å flytte dit no sidan dei var etablerte. Dei som hadde passert 50 år meinte at klygetun måtte passe godt for småbarns foreldre.

Respondentane fekk også anledning til å sei med eigne ord kva som virka å vere bra og dårleg med ideen klygetun. Det som oftast vart nemnd som bra med klygetun var det sosiale fellesskapet. Enkelte meinte at dette mangla ein i dagens samfunn og at klygetunet kunne vere med på å dekke dette behovet. Privatlivets fred og om ein kom overens med dei ein budde saman med var det som oftast vart trekt fram som negativt. Ein kunne bu for tett på kvarandre, og ein var redd for at naboen visste alt om alle. I tillegg var det av stor betydning kven ein budde i lag. Enkelte såg på det som ein risiko å ikkje vite kven ein kom til å bu saman med.

Dei som vi kan kategorisera som interesserte i å bu på klygetun vil helst kjøpe tomt og byggje sjølv. Bustaden vil dei ha i utkanten av tunet og livsstilen er viktigare enn bukostnader når dei skal grunngje kvifor dei ville bu på klygetun.

Eit av formåla med undersøkinga var å kartleggja bakgrunnsvariablane til respondentane. Var det nokon forskjell mellom dei interesserte og dei uinteresse til klygetun i forhold til bakgrunnsvariablane? Respondentar

med interesse og respondentar utan interesse for klyngetun hadde stort sett dei same bakgrunnskjennetegna, med to unntak. Av dei som hadde vidaregåande skule var det eit fleirtal av respondentane som ikkje var interessert i klyngetun. Vidare vart det avdekkat at majoriteten av respondentane som hadde partnar med over tre år høgare utdanning var interessert i klyngetun.

Det vart vidare gjennomført ein kausal undersøking der det vart prøvd å finna dei viktigaste årsaksforholda bak ein interesse eller uinteresse for klyngetun. Her vart det funne at dess høgare utdanning respondenten har, dess mindre interessert er vedkomande i å busetja seg i klyngetun og at dersom respondenten har ein partnar med høg utdanning, dreg dette i retning av meir interesse for å busetja seg i klyngetun. Undersøkinga syner vidare at årsaksforholda bak ein eventuell interesse for å busetje seg i klyngetun er mangearta og lite homogen. Folk har rett og slett svært mange forskjellige grunnar til å vera interessert i å busetja seg i klyngetun

Det vart også gjennomført ein kausal analyse til å finne årsaksvariablar som kan forklare interessa til å flytte til Sogn og Fjordane. Resultatet frå analysen var at dess fleire born respondenten fekk til meir interessert vart vedkommande i å flytte til Sogn og Fjordane. Resultata frå dei to kausale analysane må imidlertid tolkast med varsemd, fordi funna berre fekk delvis støtte i dei statististiske testane som vart utførd.

## 2 Innleiing

### 2.1 Kva er eit klyngetun?

I Sogn og Fjordane er det 11500 registrerte eigedomar i Landbruksregisteret, men det er berre 4300 i aktiv sjølvstendig drift (Bergens Tidende). Og dei siste 10 åra har dette talet minka med 1500. Folk flytter frå gardane og inn til tettbebygd strøk. Er det mogleg å stoppe denne trenden og gjere det meir attraktivt å bu på gardsbruka?

Å bu på eit gardsbruk kan innebere at ein bur langt frå folk. Nokre kan dermed oppleve dette som eit einsamt liv. I tillegg kan det gi liten økonomisk gevinst å drive gardsbruk. Klyngetun kan vere ei løysing på desse problema. Frå gamalt av var klyngetun ein vanleg buform, og det er denne gamle buformen ein har tenkt å modernisere. Eit klyngetun er ein buform der det er fleire enn bonden og hans familie som bur på garden. Personar kan kjøpe/leige hus/tomt på gardsbruket, og dermed kombinere det å bu i landlege omgjevnader med det sosiale livet. Tanken er at det skal bu fleire familiar på bruket, slik at ungar og vaksne får eit tett nettverk rundt seg.

Ved å bu på garden vil ein kunne få tilgang til fellesareal, som til dømes lagerplass, plass å ha husdyr, tilgang til utmark, dyrking av grønsaker, frukt og så vidare. Bonden driv garden og dei som vil delta i gardsarbeid vil kunne gjøre det, men det er ikkje slik at ein blir bonde ved å flytte til eit klyngetun. Ein vil kunne få opplevelingar som det er ved å bu på eit gardsbruk, utan at ein er nødt til å jobbe og stå til ansvar for garden. Barn vil få anledning til å komme tett på dyr og foreldra kan få oppfylt draumen om å ha ein frukt og/eller grønsak hage. I enkelte klyngetun kan det også vere aktuelt å legge til rette med eit felleshus der alle på garden kan samlast til sosialt samvær

Landbruks avdelinga til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er involvert i to klyngetun prosjekt, eit i Stryn og eit i Svidalen i Jølster. Av desse to prosjekta er prosjektet i Svidalen koment lengst pr. i dag. Janne Karin Støylen skal overta familiegarden i Svidalen. Garden inneheld ein mjølkekvote på 80.000 liter, dei driv oppal av kalvar, har to hestar på stall og nokre sau (Bergens Tidende).

Dei som busett seg i Svidalen vil få tomt med fantastisk utsikt over Jølstra vatnet og friområde like bak. Det skal gå ei sti ned til gardstunet som i dag er sett saman av stort våningshus, kårhús, ei gammal bu, gamlefjøset med stall, garasje og vedhus. Dei skal rive bua og flytte eit gamalt hus ein annan stad frå garden opp på grunnmuren, og dette huset skal vere eit felles hus. Det er også mogleg at det kjem nye bueiningar på gardstunet, til dømes hybel eller leilegheit i tilknyting til våningshuset.

## **2.2 Problemstilling**

Fylkesmannen si landbruksavdeling har gjennom prosjektet ”Det moderne klyngetun – ein buplass for fleire enn bønder”, som hensikt å vurdere ulike kombinasjonar av bustadtun og driftstun på gardsbruk. Hovudformålet med prosjektet er å utvikle modellar for framtidsretta og berekraftige bumiljø på bygdene.

Som nemnt tidlegare blir det færre gardsbruk i drift og det blir fleire og fleire gardsbruk som blir fråflytta. Det kan ver fleire grunnar til at talet på gardsbruk går ned. Ein grunn kan vere at økonomien på gardsbruket blir därlegare, profitten blir mindre, samstundes som det er mykje arbeid som må leggjast ned. Sal/leige av eigedomen kan gje fleire gardsbruk eit auka inntekts grunnlag.

Eit anna problem er at det kan vere eit einsamt liv å bu på gard. Dette kan vere til hinder for at småbarns familiar vil slå seg ned på gardsbruka. Dei flyttar heller til byggjefelt der det er mange ungar i same alder som kan leike saman. Men også dei vaksne er opptatt av det sosiale livet, og dei kan ha ynskje om å ha andre personar i nærleiken. Ved å etablere klyngetun der fleire familiar bur på gardsbruka kan ein kanskje gjere det meir attraktivt å bu der. Som ein del av prosjektet ”Det moderne klyngetun – ein buplass for fleire enn bønder”, skal det gjennomførast ei marknadsgransking der ein prøver å avdekke interessa for å busetje seg i ”klyngetun” på bygdene. Målgruppa er personar i alderen 25 – 60 år frå urbane strøk. Er det interessant for desse å flytte til Sogn og Fjordane, eller eventuelle andre utkantstrøk, dersom dei vert tilbode eit bukonsept som klyngetun?

I dette marknadsanalyseprosjektet vil vi freiste å svare på følgjande spørsmål:

1. Kva haldningar er det til å flytte til klyngetun i marknaden?
2. Er etablering i klyngetun i det heile tatt interessant?
3. Beskriving av bakgrunnskjennetegn til eventuelle interesserte/uinteresserte respondentar.
4. Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for klyngetun.
5. Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for å flytte til Sogn og Fjordane?

### **3 Metode**

#### **3.1 Forskingsdesign**

Forskningsdesign er ramma for korleis ein skal gjennomføre marknadsanalysen (Malhotra og Birks 2003). Den skal forklare i detalj korleis ein skal samle inn og bruke informasjonen ein treng for å løyse forskingsspørsmålet. Eit godt forskningsdesign vil gjere at marknadsundersøkinga blir gjennomført raskt og rett.

I utgangspunktet har ein to forskningsdesign, og det er eksplorativt og konkluderande. Men eit konkluderande design kan ein dele opp i beskrivande og kausalt, og då får ein tre ulike forskningsdesign. Ein kan bruke eit forskningsdesign i undersøkinga, men det er også mogleg å kombinere ulike design.

##### **3.1.1 Eksplorativt design**

Eit eksplorativt design kan til dømes vere ein skrivebordsundersøking, der ein granskar tilgjengeleg litteratur eller data frå sekundære kjelder.

I eit eksplorativt forskningsdesign er informasjonen ein treng ikkje 100 % bestemt på førehand. Ein kan gjere oppdagingar undervegs som gjer at ein må samle inn informasjon som ein ikkje hadde tenkt på førehand. Forskningsprosessen er fleksibel og ustrukturert, sidan ein kan gjere funn som tek undersøkinga i ein heilt ny retning. Utvala kan vere små. Analysen kan både vere kvalitativ og kvantitativ. Datamaterialet kan bli brukt direkte i ein undersøking eller dei kan brukast i ein konkluderande undersøking eller dei kan eliminere enkelte konkluderande funn.

Ein type undersøking som er av eksplorativ karakter er pilot-studier eller forundersøkingar. Desse kan inngå som del av eit større forskningsprosjekt der ein i forundersøkinga, eller pilot studien prøver seg fram. Resultatet frå ein slik ”innleiande runde”, nyttar ein når hovudundersøkinga skal designast.

##### **3.1.2 Beskrivande design**

Beskrivande forsking er at ein beskriv ein marknadskarakteristikk/funksjon. Analysen er kvantitativ og datamaterialet er i tal form. Døme kan vere måling av marknadsstørrelse, måling av kundetilfredsheit og meiningsmålingar. Informasjonen ein treng er klart definert, gjennomføringa blir strukturert og utvalet som er med i undersøkinga er større enn for eksplorative design.

Det mest vanlege beskrivande designet er tverrsnitt undersøking og den kan gjennomførast på to måtar. I den eine tverrsnitt undersøkinga er det ein respondent gruppe og informasjonen blir samlar inn ein gong, det er denne metoden vi bruker i vår undersøking. I den andre er det ein eller fleire respondent grupper og informasjonen samlar ein inn berre ein gong. Panelundersøking er ein tredje variant av eit beskrivande design, og her følgjar ein den same respondent gruppa eller gruppene over tid. Her kan ein sjå om det er endring over tid i den same gruppa.

### **3.1.3 Kausalt design**

Ein brukar kausalt design når ein vil finne samanhengen mellom årsak og verknad. Det kan vere lett å sei at nedgang i pris vil gje auka sal. Men sjølv om ein trur det, må ein gjere målingar for å sjå om det faktisk stemmer. Akkurat som i beskrivande design har også kausalt design klart definert kva for informasjon som ein treng, undersøkings prosessen er strukturert, utvalet er større enn for eksplorative design, og dataanalysen er kvantitativ.

### **3.1.4 Vi brukar beskrivande design og kausalt design**

I dei tre første forskingsspørsmåla brukar vi beskrivande design. Spørsmåla er:

1. Kva haldning er det til å flytte til klyngetun i marknaden?
2. Er etablering i klyngetun i det heile tatt interessant?
3. Beskriving av bakgrunnskjenneteikn til eventuelle interesserte/uinteresserte respondentar?

Informasjonsbehovet til dei tre spørsmåla over er klart definert. Vi brukar tverrsnitt undersøking for å spare tid. Det er ingen kausal samanheng i dei tre spørsmåla ovanfor, det er ingen årsak verknad samanheng. Desse faktorane gjer til at vi vel å bruke beskrivande design på dei tre første spørsmåla.

I dei to siste forskingsspørsmåla brukar vi kausalt design. Spørsmåla er:

4. Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for klyngetun?
5. Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresser for å flytte til Sogn og Fjordane?

Begge spørsmåla er av kausal karakter, det er ein årsak verknad samanheng. Vi nyttar derfor kausalt design på desse spørsmåla.

## **3.2 Kvalitativ metode og kvantitativ metode**

Skal ein samle inn data ved hjelp av tal eller tekst? Skal vi samle inn data frå eit stort utval eller eit lite utval? Skal vi gå i djupna på det vi undersøker eller ikkje? Dette er spørsmål som vil avgjere om ein vel kvalitativ eller kvantitativ undersøking.

### **3.2.1 Kvalitativ metode**

Kvalitativ metode er ein ustukturert forskingsprosess med eit lite utval der ein prøver å få innsikt og forstå det ein undersøker. Data ein får her er stort sett i tekst form og går i djupna på temaet ein studerar. Oppdagingar undervegs kan gjere at ein vil forandre på korleis ein vil gjennomføre undersøkinga. Døme på kvalitativ data kan vere intervju med ein og ein respondent. Fokus gruppe der ein sit i små grupper og diskuterer eit tema eller observasjon, der ein ser på avstand kva den enkelte gjer. Fordelen er at ein går i djupna og kan få god informasjon om temaet som ein undersøker. Svakheita er at det er tidkrevjande og dyrt og vanskeleg å generalisere ut frå eit lite utval.

### **3.2.2 Kvantitativ metode**

Datamaterialet i kvantitative metodar kjem ut i tal form. Utvalet er stort, strukturen er klar, og ein føljer spørjeskjemaet slavisk. Kvart spørsmål har svaralternativ som respondenten må velje mellom. Fordelane er at ein kan spørje mange respondentar på kort tid og ein kan generalisere resultata. Men svakheita er at respondenten ikkje får uttrykt seg verbalt og ein går ikkje djupt nok for å få all relevant info, derfor må ein stille dei rette spørsmåla for å få dei rette svara.

### **3.2.3 Vi brukar både kvalitativ metode og kvantitativ metode**

Vi brukar i hovudsak kvantitativ metode sidan vi skal sjå på kor stor interessa er til å flytte til klynetun. Dei aller fleste spørsmåla er av kvantitativ karakter, fordi vi vil generalisere resultata. Men vi supplerer med litt kvalitative data, slik at vi kan få ein betre forståing av kvifor haldningane til klynetun er som dei er.

Spørsmåla kjønn, sivilstand, antal born, utdanning, neverande arbeidssituasjon, kvar på garden dei ville bu, eigarforhold, kva betyr mest viss ein skal flytte til klynetun og om dei har tilknyting til Sogn og Fjordane er formulert med kategoriske variablar i spørjeskjemaet. I desse spørsmåla varierer svar kategoriene frå to til sju. Vi bad respondenten sjølv sei kva alderen var, vi hadde ingen kategoriar der. Likert skala vart brukt på 16 spørsmål, og det var spørsmåla om kor interessant det er å bu på eit klynetun, kor interessant det er å flytte til Sogn og Fjordane og dei 14 spørsmåla som spør om kva som skal til for at respondenten flyttar frå Bergen og til ein distriktskommune. Likert skalaen går frå 1 til 7, der den enten betydde at 1 er ikkje viktig til 7 er svært viktig, eller at 1 er ingen interesse til 7 er stor interesse. Det vart supplert med kvalitative spørsmål, der respondenten sjølv fekk sei kva han meinte, i tre av spørsmåla. Og det gjaldt spørsmåla kva som er bra/dårleg med klynetun, kva for tilknyting ein hadde til Sogn og fjordane og kva er interessant/uinteressant med å bu i Sogn og Fjordane.

### **3.3 Utval**

Utvalet er den gruppa som skal vere med i undersøkinga, og det er viktig at utvalet er riktig. Utvalet må vere representativt, det ein undersøker må vere aktuelt for den gruppa ein spør. Til dømes kunne ikkje vi i denne undersøkinga ringt til dei mellom 15 år og 20 år og spurd om dei kunne tenke seg å flytte til klynetun. Denne gruppa er ikkje så interessert i å flytte ennå.

Vårt utvalsgrunnlag eller populasjonen er dei som budde i Bergen og hadde namnet registrert i telefonkatalogen. Vi tok eit tilfeldig utval på 400 nummer i telefonkatalogen og 108 personar svarde.

### **3.4 Diskriminantanalyse**

Diskriminantanalyse er ein kausal analyseteknikk. Dvs at ein kan nytta teknikken når ein studerer ein årsak-verknad samanheng. Forskingsspørsmåla 4 og 5 i denne undersøkinga er nettopp slike

samanhengar. Vi ynskjer å finna ut kva som er dei grunnleggande årsakane til at folk i urbane strøk er positive til klyngetun eller til å busetja seg i Sogn og Fjordane. Diskriminantanalyse er ein teknikk som er relevant å bruke når den avhengige variabelen er ein kategorisk variabel og dei uavhengige variablane er metriske (intervall eller forholdstall). Med ein avhengig variabel meiner vi her den variabelen der vi måler verknaden. At ein variabel er kategorisk betyr at han berre kan ha få, og ofte berre to verdiar. Til dømes kan ein respondent enten karakteriserast som interessert eller som uinteressert i klyngetun.

I vårt tilfelle vil vi nytta spørsmål nr 7 ”*På ein skala frå 1 – 7, der 1 er ingen interesse og 7 er svært interessert, kor interessert er du i å bu i eit klyngetun?*” som den avhengige variabelen. Som vi ser, har dette spørsmålet 7 svarkategoriar. Dette betyr at denne variabelen ikkje kan nyttast direkte som ein avhengig variabel i analysen, sidan denne krev berre to kategoriar. Dette løyser vi ved å omdefinere svarkategoriane på spørsmålet til ein ny variabel, der respondentar som svarar 1-4 på spørsmålet over vert karakterisert som uinteresserte, medan respondentar som svarar 5-7 vert karakterisert som interessert. Dette er eit konservativt mål i den forstand at det vert lagt eit strengare vilkår for å karakterisera respondentane som interesserte enn som uinteresserte. I vårt tilfelle har vi altså ein avhengig variabel med to kategoriar, noko som gjer at vi nyttar av ein teknikk som vert kalla to-gruppe-diskriminantanalyse.

Diskriminantanalyse er ein teknikk som er mykje nytta i marknadsanalyser, og då særleg med tanke på segmentering. Det kan vera særleg nyttigt å få avdekka om marknaden kan delast opp ut frå bakgrunnskjennetegn ved kundane. I vårt tilfelle, så ynskjer vi å sjå om nokre av bakgrunnskjennetegna ved respondentane kan forklare forskjellen i interesse/uinteresse til klyngetun og til å busetja seg i Sogn og Fjordane.

### **3.5 To-gruppe-diskriminantanalyse**

Lat oss illustrera tilfellet vårt med klyngetun med to-gruppe-diskriminantanalyse. I undersøkinga kartlegg vi fleire bakgrunnsvariablar som kjønn, alder, utdanningsnivå på seg sjølv, utdanningsnivå på eventuell partnar, sivilstand, antal born i husstanden, inntektsnivå i hustanden og om vedkomande har nokon tilknytning til fylket. Alle desse variablane, med unntak av variablane ”sivilstand” og ”tilknytning til fylket” kan nyttast direkte som uavhengige variablar i analysa. Dvs at vi kan nytta dei på den forma dei er for å testa om dei utgjer nokon årsak til interessa for klyngetun eller for å busetja seg i fylket. Svarkategoriane til variabelen ”sivilstand” er ikkje formulert som forholdstal eller på intervallform. Dette gjer at variabelen må omkategoriserast før vi kan nytta han i analysa. Det vart derfor laga ein ny kategorisk variabel ”partnar” som fekk verdien 1 dersom vedkomande lever i eit parforhold, dvs er sambuar eller er gift, og verdien 0 dersom vedkomande er enslig, dvs skilt eller ugift. Tilsvarande vert også gjort for variabelen ”tilknytning til fylket”, der det vart laga ein ny variabel med verdien enten 0 (ved ingen tilknytning til fylket) og 1 (ved tilknytning til fylket).

Modellen for diskriminantanalysa kan setjast opp slik:

$$D = b_0 + b_1 * alder + b_2 * kjønn + b_3 * utdanningsnivåsjølv + b_4 * utdanningsnivåpartnar + b_5 * partnar + b_6 * antalbarn + b_7 * inntekt + b_8 * Tilknytningfylket$$

I denne modellen vil då  $D$  være diskrimantscoren. Denne kan nyttast til prediksjon. Dersom vi her for eksempel ser på ein potensiell etablerar i Sogn og Fjordane, kan ein leggja inn variabelverdiar for denne personen og dei estimerte koeffisientane i modellen. Diskrimantscoren vil då enkelt kunne reknast ut og om denne er høg eller låg vil kunne gje ein prediksjon på om ein her forheld seg til ein person som med høg eller låg sannsynlighet vil etablera seg i klygetun.


Det viktigaste i denne undersøkinga vil derimot vera å finna ut om nokre av dei uavhengige variablane kan definerast som årsakar for ein interesse/uinteresse for klygetun. Dei estimerte koeffisientane i modellen er gitt ved  $b_0, \dots, b_8$ . Her vil  $b_0$  være det estimerte konstantleddet, medan  $b_1$  seier noko om i kva grad den fyrste variabelen alder, skiljer tilfellene. Dersom estimatet på  $b_1$  er signifikant og verdien er høg, betyr dette at variabelen alder bidreg mykje til å skilja mellom interesserte og uinteresserte respondentar. Vi kan seia dette som at høg alder er eit viktig årsaksforhold i forhold til interesse for klygetun. Dersom derimot  $b_1$  er signifikant men samstundes låg eller nær 0, vil dette seie at variabelen alder ikkje betyr mykje for om ein respondent er interessert eller uinteressert i klygetun. Dersom estimatet på  $b_1$  ikkje er signifikant, betyr dette at variabelen alder sannsynlegvis ikkje kan forklara noko om årsaksforholdet bak ein interessa for klygetun.

Tilsvarande resonement kan nyttast i forhold til dei andre variablane som skal vera med i analysa og i forhold til analysen av årsaksforholda bak interessa for å busetja seg i Sogn og Fjordane.

## 4 Presentasjon av data

Det vart ringt til 400 personar i Bergen og det var 108 personar som svarde, det vil sei ein svarprosent på 27 %. I dette kapittelet skal vi presentere data som vi fann ved hjelp av søylediagram.


### Kjønn



Figur 4.1: *Kjønn*

Som figur 4.1 viser er 48% av respondentane menn og 52% er kvinner. Det tilseier at 52 respondentar er menn og 56 respondentar er kvinner.


### Alder



Figur 4.2 *Alder*

Figur 4.2 viser at 6 % av dei spurde var mellom 25 år og 29 år, 29% var mellom 30 år og 39 år, 24 % var mellom 40 år og 49 år, 33 % var mellom 50 år og 60 år og 7 % var over 60 år. Det vil sei at 7 personar var mellom 25 år og 29 år, 31 personar var mellom 30 år og 39 år, 26 personar var mellom 40 år og 49 år, 36 personar var mellom 50 år og 60 år og det var 8 personar som var over 60 år.


### **Sivilstand**



Figur 4.3 *Sivilstand*

Figur 4.3 visar at 60% av dei som svarde var gift, 11% var skilte, 19 % var sambuarar og 10 % var ugift. Det vil sei at 65 personar var gifte, 12 personar var skilt, 20 personar var sambuarar og 11 personar var ugift.


### **Antal born**



Figur 4.4 *Born*

Figur 4.4 visar at 41 % av respondentane har ingen born, 20 % hadde eit born, 27 % hadde to born, 12 % hadde tre born og det var ingen som hadde 4 eller fleire born. Det vil sei at 44 personar hadde ingen born, 22 personar hadde eit born, 29 personar hadde to born, 13 personar hadde tre born og ingen hadde fire eller fleire born.


### **Utdanning**



Figur 4.5 *Utdanning*

Som ein kan sjå frå figur 4.5 har 3 % av dei som svarde under vidaregåande skule, 27 % hadde vidaregåande skule, 31 % hadde eit til tre år høgare utdanning og det var 39 % som hadde over tre år høgare utdanning. Det vil sei at 3 personar hadde under vidaregåande skule, 29 personar hadde vidaregåande skule, 33 personar hadde eit til tre år høgare utdanning og 42 personar hadde over tre år høgare utdanning.

### ***Utdanning på partnar***




Figur 4.6 *Utdanning partnar*

Som figur 4.6 visar har 1 % av partnarane under vidaregåande skule, 25 % har vidaregåande skule, 28 % har eit til tre år høgare utdanning og 46 % har over tre år høgare utdanning. Det vil sei at det var ein partnar som hadde under vidaregåande skule, 21 partnarar hadde vidaregåande skule, 23 partnarar hadde eit til tre år høgare utdanning og 38 partnarar hadde over tre år høgare utdanning.


### ***Arbeidssituasjon***

Figur 4.7 syner at det at 1 % av respondentane arbeidsledig, 5 % er uføretrygda, 7 % er pensjonistar, 48 % jobbar i privat sektor, 28 % jobbar i offentleg sektor, 8 % er sjølvstendig næringsdrivande og 3 % er studentar. Det vil sei at 1 person er arbeidsledig, 5 personar er uføretrygda, 8 personar er pensjonistar, 52 personar jobbar i privat sektor, 30 personar jobbar i offentleg sektor, 9 personar er sjølvstendig næringsdrivande og 3 personar er studentar.



Figur 4.7 *Arbeidssituasjon*

### ***Interesse av å bu i eit klyngetun***




Figur 4.8 *Klyngetun interesse*

Som figur 4.8 visar hadde 44 % av respondentane ingen interesse for klyngetun, 11 % gav den poengscoren to, 14 % gav den poengscoren tre, 9 % hadde middels interesse, 11 % gav den poengscoren fem, 6 % gav den poengscoren seks og 5 % hadde stor interesse av å flytte til eit klyngetun. Det vil sei at 48 personar hadde ingen interesse av å flytte til klyngetun, 12 personar gav den poengscoren to, 15 personar gav den poengscoren tre, 10 personar hadde ein middels interesse, 12 personar gav den poengscoren fem,

6 personar gav den poengscoren seks og 5 personar hadde stor interesse av å bu i eit klygetun

### **Plassering av tomt på garden**




Figur 4.9 *Plassering av tomt på garden*

Figur 4.9 visar at 23 % av respondentane vil bu inne på tunet, 68 % vil bu i utkanten av tunet og 8 % var usikre på kvar dei ville bu. Det vil sei at 14 personar ville bu inne på tunet, 41 personar ville bu i utkanten av tunet og 5 personar var usikre på plasseringa.


### **Eigarforhold**

Figur 4.10 visar at 22 % ville leige hus i ein periode, 35 % ville leige hus med tanke på kjøp, 42 % ville kjøpe tomt for å byggje ut sjølv og 2 % var usikre på kva for eigarform dei ville velje. Det vil sei at 13 personar ville leige hus i ein periode, 21 personar ville leige hus med tanke på kjøp, 25 personar ville kjøpe tomt for å byggje sjølv og ein person visste ikkje kva eigarform han skulle velje.



Figur 4.10 *Eigarforhold*


### **Kva betyr mest dersom du skulle flytte til klyngetun**



Figur 4.11 *Kva betyr mest viss du skal flytte til klyngetun*

Figur 4.11 visar at 12 % av respondentane meiner det er lågare bukostnader som ville bety mest viss ein skulle flytte til eit klyngetun, 73 % meiner det er å få ein annan livsstil og 15 % meinte at begge deler var like viktig. Det vil sei at 7 personar meiner at lågare bukostnader var viktigast, 44 personar meiner det er ein annan livsstil som ville bety mest og det var 9 personar som meinte at lågare bukostnader og ein annan livsstil er like viktig.

### **Tilknyting til Sogn og Fjordane**




Figur 4.12 *Tilknyting til Sogn og Fjordane*

Figur 4.12 visar at 40 % av respondentane har tilknyting til Sogn og Fjordane og 60 % har ingen tilknyting til Sogn og Fjordane. Det vil sei at 43 personar ikkje har tilknyting og 65 personar har tilknyting. Dei fleste som hadde tilknyting til Sogn og Fjordane sa at dei kom frå fylket eller at familien kom frå fylket. Det var også nokre få som hadde jobba eller jobbar i fylket.


### **Interesse til å flytte til Sogn og Fjordane**

Figur 4.13 syner at 51 % av respondentane ikkje er interessert i å flytte til Sogn og Fjordane, 11 % gav den poengscoren to, 17 % gav den poengscoren tre, 8 % gav den scoren middels, 7 % gav den poengscoren fem, 5 % gav den poengscoren seks og 1 % hadde stor interesse av å flytte til Sogn og Fjordane. Dette vil sei at 55 personar hadde ingen interesse av å flytte til Sogn og Fjordane, 12 personar gav den poengscoren to, 18 personar gav den poengscoren tre, 9 personar gav den ein middels score, 8 personar gav den poengscoren fem, 5 personar gav den poengscoren seks og ein person hadde stor interesse i å flytte til Sogn og Fjordane.



Figur 4.13 *Interesse til å flytte til Sogn og Fjordane*

**Aktuelt å bu i andre delar av distrikts Noreg enn Sogn og Fjordane?**




Figur 4.14 *Bu i andre delar av distrikts Noreg enn Sogn og Fjordane*

Frå figur 4.14 kan ein sjå at 35 % av dei som svarde kunne tenke seg å bu i andre delar av distrikts Noreg enn Sogn og Fjordane, 54 % kunne ikkje tenke seg å bu i andre delar av distrikts Noreg og 11 % var usikre. Det vil

sei at 38 personar kunne tenke seg å bu i andre delar av distrikts Noreg enn Sogn og Fjordane, 58 personar kunne ikkje tenke seg det og 12 personar var usikre.

**Kva er viktig dersom du skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune:**

**Relevant jobb**




Figur 4.15 Relevant jobb

Som figur 4.15 visar, er det 18 % som meiner at relevant jobb ikkje er viktig viss dei skulle flytte frå Bergen, 6 % gav den poengscoren to, 2 % gav den poengscoren tre, 5 % gav den poengscoren middels, 12 % gav den poengscoren fem, 18 % gav den poengscoren seks og 41 % meinte at relevant jobb var viktig. Det tilseier at 19 personar meiner at relevant jobb ikkje er viktig, 6 personar gav den poengscoren to, 2 personar gav den poengscoren tre, 5 personar gav den poengscoren middels, 13 personar gav den poengscoren fem, 19 personar gav den poengscoren fem og 44 personar meinte det var viktig.

**Godt næringsmiljø**


Figur 4.16 syner at 19 % av respondentane meinte at eit godt næringsmiljø ikkje er viktig viss ein vil flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, dvs svarde poengscoren 1 på dette spørsmålet. 8 % gav poengscoren to, 4 % ga poengscoren tre, 16 % ga poengscoren middels, 26 % ga poengscoren fem, 17 % ga poengscoren seks og 10 % meinte det var viktig med eit godt næringsmiljø viss dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det vil sei at 21 personar meinte at eit godt næringsmiljø ikkje var viktig viss dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 9 personar gav poengscoren to, 4 personar gav poengscoren tre, 17 personar gav

poengscoren middels, 28 personar gav poengscoren fem, 18 personar gav poengscoren seks og 11 personar meinte at eit godt næringsmiljø var viktig viss dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune.



Figur 4.16 *Godt næringsmiljø*

### **Barnehageplass**




Figur 4.17 *Barnehageplass*

Frå figur 4.17 kan ein sjå at 54 % av dei spurde meinte at barnehageplass ikkje er viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 2

% gav poengscoren to, 5 % gav poengscoren tre, 6 % gav poengscoren middels, 5 % gav poengscoren fem, 10 % gav poengscoren seks og 19 % meinte at barnehageplass var viktig. Det vil sei at 58 personar meinte at barnehageplass var viktig, 2 personar gav poengscoren to, 5 personar gav poengscoren tre, 7 personar gav poengscoren middels, 5 personar gav poengscoren fem, 11 personar gav poengscoren seks og 20 personar meinte at barnehageplass var viktig for at vedkommande skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune.


### **Kort veg til skule**



Figur 4.18 *Kort veg til skulen*

Frå figur 4.18 kan ein sjå at 38 % av dei spurde meinte at kort veg til skulen ikkje var viktig for at dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 0 % gav poengscoren to, 4 % gav poengscoren tre, 13 % gav ein middels poengscore, 14 % gav poengscoren fem, 18 % gav poengscoren seks og 14 % meinte at det var viktig med kort skuleveg. Det vil sei at 41 personar meiner at kort veg til skulen ikkje er viktig for at dei skal flytte frå Bergen til ein distriktskommune, 0 personar gav poengscoren to, 4 personar gav poengscoren tre, 14 personar gav poengscoren middels, 15 personar gav poengscoren fem, 19 personar gav poengscoren seks og 15 personar meinte at barnehageplassar viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune.

### ***Helsetilbod***




Figur 4.19 *Helsetilbod*

Frå figur 4.19 kan ein sjå at 13 % av dei som svarde meinte at helsetilbod ikkje var viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune 0 % gav poengscoren to, 5 % gav poengscoren tre, 13 % gav poengscoren middels, 19 % gav poengscoren fem, 26 % gav poengscoren seks og 24 % meinte at helsetilbod var viktig for at dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det vil sei at 14 personar meinte at helsetilbod ikkje var viktig for at dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 0 personar gav poengscoren to, 5 personar gav poengscoren tre, 14 personar gav poengscoren middels, 21 personar gav poengscoren fem, 28 personar gav poengscoren seks og 26 personar meinte at helsetilbod var viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune.


### ***Kommuneøkonomi***

Frå figur 4.20 kan ein sjå at 13 % av dei spurde meinte at kommuneøkonomien ikkje var viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 2 % gav poengscoren to, 6 % gav poengscoren tre, 16 % gav poengscoren middels, 27 % gav poengscoren fem, 18 % gav poengscoren fem og 19 % meinte at kommuneøkonomien var viktig. Det vil sei at 14 personar meiner at kommuneøkonomi ikkje er viktig, 2 personar gav det poengscoren to, 7 personar gav det poengscoren tre, 17 personar gav poengscoren middels, 29 personar gav poengscoren fem, 19 personar gav poengscoren seks og 20 personar meinte at kommuneøkonomien var viktig for at dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune.



Figur 4.20 *Kommuneøkonomi*

### **Kollektivtilbod**




Figur 4.21 *Kollektivtilbod*

Frå figuren 4.21 kan ein sjå at 19 % av dei som svarde meinte at kollektivtilbod ikkje er viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 10 % gav poengscoren to, 7 % gav poengscoren tre, 13 % gav poengscoren middels, 19 % gav poengscoren fem, 14 % gav poengscoren seks og 17 % meinte at kollektivtilboden var viktig for at dei

skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det vil sei at 21 personar meinte at kollektivtilbod ikkje er viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 11 personar gav poengscoren to, 8 personar gav poengscoren tre, 14 personar gav poengscoren middels, 21 personar gav poengscoren fem, 15 personar gav poengscoren seks og 18 personar meinte at kollektivtilboden var viktig.

### **Stort fritidstilbod**




Figur 4.22 Stort fritidstilbod

Frå figur 4.22 kan ein sjå at 11 % av dei spurde meinte at eit stort fritidstilbod ikkje var viktig for at dei skal flytta frå Bergen og til ein distriktskommune, 4 % gav poengscoren to, 6 % gav poengscoren tre, 14 % gav poengscoren middels, 33 % gav poengscoren fem, 19 % gav poengscoren seks og 14 % meinte at eit stort fritidstilbod var viktig for at ein skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det vil sei at 12 personar meinte at eit stort fritidstilbod ikkje var viktig, 4 personar gav poengscoren to, 6 personar gav poengscoren tre, 15 personar gav poengscoren middels, 36 personar gav poengscoren fem, 20 personar gav poengscoren seks og 15 personar meinte at det var viktig med eit stort fritidstilbod.

### **Alle kjenner alle**


Frå figur 4.23 kan ein sjå at 23 % av dei som svarte meinte at alle kjenner alle ikkje er viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 15 % gav poengscoren to, 27 % gav poengscoren tre, 16 % gav poengscoren middels, 11 % gav poengscoren fem, 6 % gav poengscoren seks og 3 % meinte at alle kjenner alle var viktig for at dei skulle flytte frå Bergen til ein distriktskommune. Det vil sei at 25 personar meinte at alle kjenner alle ikkje er viktig for at ein skal flytte frå Bergen og

til ein distriktskommune, 16 personar gav poengscoren to, 29 personar gav poengscoren tre, 17 personar gav poengscoren middels, 12 personar gav poengscoren fem, 6 personar gav poengscoren seks, 3 personar meinte at alle kjenner alle er viktig.



Figur 4.23 *Alle kjenner alle*

### **Tilgang til natur**




Figur 4.24 *Tilgang til natur*

Frå figur 4.24 kan ein sjå at 10 % av dei som svarde meinte at tilgang til natur ikkje var viktig for at dei skal flytte frå Bergen og til ein

distriktskommune, 1 % gav poengscoren to, 4 % gav poengscoren tre, 6 % gav poengscoren middel, 19 % gav poengscoren fem, 28 % gav poengscoren seks og 31 % meinte at tilgang til natur er viktig for at dei skal flytte frå Bergen til ein distriktskommune. Det vil sei at 11 personar meinte at tilgang til natur ikkje var viktig, 1 person gav poengscoren to, 4 personar gav poengscoren tre, 7 personar gav poengscoren middels, 21 personar gav poengscoren fem, 30 personar gav poengscoren seks og 34 meiner det er viktig å ha tilgang til natur for at ein skal flytte frå Bergen til ein distriktskommune.

### **Barn får kontakt med dyr**




Figur 4.25 *Barn får kontakt med dyr*

Frå figur 4.25 kan ein sjå at 15 % av dei som svarde meinte at det ikkje er viktig at barn får kontakt med dyr for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 3 % gav poengscoren to, 5 % gav poengscoren tre, 7 % gav poengscoren middels, 28 % gav poengscoren fem, 20 % gav poengscoren seks og 22 % meinte at det er viktig at barn får kontakt med dyr for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det vil sei at 16 personar meiner det ikkje er viktig at barn får kontakt med dyr, 3 personar gav poengscoren to, 5 personar gav poengscoren tre, 8 personar gav poengscoren middels, 30 personar gav poengscoren fem, 22 personar gav poengscoren seks og 24 personar meinte at det var viktig at barn fekk kontakt med dyr for at dei skulle flytte frå Bergen til ein distriktskommune.

### **Mindre stress**

Frå figur 4.26 kan ein sjå at 10 % av dei som svarde meinte at det ikkje var viktig for dei å få mindre stress for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 6 % gav poengscoren to, 6 % gav poengscoren tre, 7 % gav poengscoren middels, 19 % gav poengscoren fem, 26 % gav


poengscoren seks og 26 % meinte at det var viktig å få mindre stress viss dei skulle flytte frå Bergen til ein distriktskommune. Det vil sei at 11 personar meinte at det ikkje var viktig å få mindre stress for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 6 personar gav poengscoren to, 7 personar gav poengscoren tre, 8 personar gav poengscoren middels, 20 personar gav poengscoren fem, 28 personar gav poengscoren seks og 28 personar meinte at mindre stress var viktig for at dei skulle flytta frå Bergen og til ein distriktskommune.



Figur 4.26 *Mindre stress*


### **Kort avstand til butikk**

I figur 4.27 kan ein sjå at 12 % av dei som svarde meinte at det ikkje var viktig med kort veg til butikk for at dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 0 % gav poengscoren to, 10 % gav poengscoren tre, 18 % gav poengscoren middels, 34 % gav poengscoren fem, 17 % gav poengscoren seks og 9 % meinte at det var viktig med kort avstand til butikk for at dei skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det vil sei at 13 personar meinte at det ikkje er viktig med kort veg til butikk for at dei skal flytte frå Bergen og til ein distriktskommune, 0 personar gav poengscoren to, 11 personar gav poengscoren tre, 19 personar gav poengscoren middels, 37 personar gav poengscoren fem, 18 personar gav poengscoren seks og 10 personar meinte det var viktig med kort avstand til butikk for at dei skulle flytte frå Bergen til ein distriktskommune.



Figur 4.27 *Kort avstand til butikk*


### **Tilgang på kultur**



Figur 4.28 *Tilgang på kultur*

Frå figur 4.28 kan ein sjå at 13 % av dei som svarde meinte at det ikkje er viktig med god tilgang til kultur, 4 % gav poengscoren to, 8 % gav poengscoren tre, 17 % gav poengscoren middel, 29 % gav poengscoren fem, 14 % gav poengscoren seks og 16 % meinte at det var viktig med god tigang til kultur for at dei skulle flytte frå Bergen til ein distriktskommune.

## Inntekt



Figur 4.29 Inntekt i 1000 kr.

Frå figur 4.29 kan ein sjå at 28 % av dei som svarde ville ikkje gje opp sin inntekt, 1 % hadde ein inntekt som låg mellom kr 0 til kr. 199.999, 11 % hadde ein inntekt som låg mellom kr. 200.000 til kr. 399.999, 8 % hadde ein inntekt mellom kr. 400.000 til 599.999, 31 % hadde ein inntekt mellom kr 600.000 til kr 799.999 og 20 % tente frå kr 800.000 og oppover. Det vil sei at 30 personar ville ikkje gje opp inntekta si, 1 personar tente mellom kr 0 til 199.999, 12 personar tente mellom kr. 200.000 til 399.999 og så var det 9 personar som tente mellom kr. 400.000 til 599.999, 34 personar tente mellom kr 600.000 til 799.999 og 22 personar tente frå kr 800.000 og oppover.

## 5 Analyse

### 5.1 **Kva haldningar er det til å flytte til klyngetun i marknaden?**

Respondenten skulle sei sin interesse for å bu på klyngetun på ein likert skala, frå 1 til 7, der 1 var ingen interesse og 7 var stor interesse. Resultatet ser vi i kapittel 4. Men i tillegg til dette spørsmålet vart respondenten spurd om kva han syntest var bra og därleg med ideen klyngetun. Det var ikkje alle som hadde nokon mening om kva som var bra eller därleg med ideen klyngetun. Men av dei som svarde så vart det gitt mest positive tilbakemeldingar.

Det var mange som sa at klyngetun var ein god ide, men dei ville ikkje ha flytta til eit klyngetun sidan dei var etablert i Bergen. Dette var gjerne personar som hadde passert 50 år. Dei meinte at ideen var god og at den passa godt til småbarnsforeldre. Nokre i denne aldersgruppa syntest at klyngetun som ferie stad hadde vore ein god ide. Det var ein som meinte at dette hadde vore ein meir aktuell ferie enn syden tur. Men det var også eit par personar i slutten av 50 åra som sa at dei kunne tenke seg å flytte til eit klyngetun når dei vart pensjonert. Dei som kunne tenke seg å bu i klyngetun i pensjonsalder trakk fram det sosiale og det å vere ute i friluft som positivt.

Det var enkelte ting som gjekk igjen når ein skulle sei kva som var positivt med klyngetun. Fellesskap og det sosiale, var det som oftast vart trekt fram. Nokre sa dei ville ha eit tun der gammal og ung bur saman, og der ein kan lære av kvarandre. Dyr og gardslivet var interessant for enkelete. Nokre hadde alltid drøymt om å bu på gard, og andre såg det positive i at ungane kunne få litt fysisk arbeid. Tryggleik var også ein faktor som vart nemnt. Dei såg det som trygt for seg sjølv og ungane at dei budde fleire på tunet. På tunet er det alltid nokon som kan hjelpe til om det skulle trengst.


Som sagt så hadde ikkje respondentane så mykje negativt å sei om klyngetun. Men det var enkelte ting som gjekk igjen frå dei som hadde noko å sei. Problem med privatlivets fred og om ein kom overens med dei ein budde saman med, var det som oftast vart nemnt. Enkelte var redd for at ein budde for tett opp i kvarandre, noko som ville resultere i at ein ikkje fekk tid for seg sjølv og familien sin. Dei kunne også vere redde for at naboen visste alt om alle, og at ein ikkje kunne ha eit privatliv. Det andre problemet som ofte vart nemnt var om dei kom overens med dei ein budde saman med. Å bu så tett på kvarandre innebere at ein er nøydd til å kome overens med dei andre på tunet for å trivast. Det kunne ver ein risiko å flytte til klyngetun utan å vite kven ein kom til å bu med.

Vidaresal av bustaden på klyngetun vart nemnt som eit problem av ein respondent. Han var svært usikker på kor lett det var å selje bustaden vidare viss han ein gong ville flytte frå klyngetunet. Enkelte kunne ikkje tenke seg å bu på klyngetun sidan ein då ikkje fekk bu rundt ein by. Andre var opptatt av at klyngetun ikkje måtte ligge for avsides, det måtte vere i nærheita av

ein tettstad. Nokre respondentar sa at deira jobb ikkje eksisterte ute i distrikta, og andre hadde ikkje tru på å finne relevant arbeid i distrikta.

I kapittel 3.4 lagde vi to kategoriar ut av spørsmål 8 om kor interessert dei var for å flytte til eit klyngetun. Ein kategori som var uinteressert, dei som hadde svara frå 1 til 4 på likert skalaen. Og ein kategori som var interessert, dei som hadde svara frå 5 til 7 på likert skalaen. Etter å ha kategorisert respondentane i desse to gruppene kan vi sei at 22 % er interessert i å bu på klyngetun og 78 % er ikkje interessert i å bu på klyngetun. I den vidare analysa vil vi sjå på kva haldningar som er i den gruppa vi karakteriserer som interesserte. Vi studerer nærmare dette underutvalet fordi det er i denne gruppa vi vil finne dei potensielle tilflyttarane til klyngetun. Kva haldning har desse?


### **Interessert i å flytte til klyngetun og plassering på garden**



*Figur 5.1.1:Plassering av bustad på garden*

Figur 5.1.1 visar dei som var interessert i å flytte til klyngetun og kvar dei vill bu på garden. 26 % ville bu inne på tunet, 65 % bil bu i utkanten av tunet og 9 % var usikre på kva dei ville bu. Dei fleste er derfor mest interesserte i ein viss distanse til tunet, resultatet for dei interesserte er om lag som for heile utvalet sett under eit.

### **Interessert i å flytte til klyngetun og eigarforhold**




*Figur 5.1.2:Eigarform*

Figur 5.1.2 visar dei som er interessert i å flytte til eit klyngetun og kva for eigarform dei vil ha. 17 % kunne tenke seg å leige hus for ein periode, 30 % kunne tenke seg å leige hus med tanke på kjøp og 52 % vil kjøpe tomt for å bygge sjølv. Her er det ein forskjell mellom dei som er interesserte og heile datamaterialet. Det er større interesse for å kjøpe tomt blant gruppa som er interessert i å bu på eit klyngetun enn kva tilfellet er for heile datamaterialet.

### **Interessert i å flytte til klyngetun og kva som betyr mest av lågare bu kostnader eller ein annan livsstil.**

Figur 5.1.3 visar kva dei som er interessert i å flytte til klyngetun meiner om kva som ville bety mest viss dei skulle flytte til eit klyngetun. 9 % meinte at lågare bukostnader var viktigast, 74 % meinte at ein annan livsstil var viktigast og 17 % meinte at begge delar var like viktig. Her er det ikkje så store forskjellar mellom dei som er interesserte og heile datamaterialet. Livsstilen betyr meir enn bukostnader viss dei skulle ha flytta til klyngetun.




*Figur 5.1.3:Kva betyr mest viss du skulle flytte til klyngetun*

## **5.2 Er etablering i klyngetun i det heile tatt interessant?**

Opphavleg kunne ein svare på ein likert skala frå 1 til 7, der 1 var ingen interesse og 7 var stor interesse, på spørsmålet om ein ville bu på eit klyngetung. Men som vi tidlegare har nemnt så har vi delt variabelen klyngetun interesse inn i to kategoriar, interessert og uinteressert. Dei som gav poengscoren 1 til 4 på likert skalaen er ikkje interessert og dei som gav poengscoren 5 til 7 er interessert. Då finn vi ut at 22 % kjem i gruppa interessant, og 78 % kjem i gruppa uinteressant. Vi kan gjere ein endå snevrare definisjon av dei interesserte, ved å sjå på dei som har svart 7 på likert skalaen. Då finn vi ut at det er 5 % som er veldig interessert i å bu på eit klyngetun. Tilsvarande er det 44 % som har sagt at det er heilt uaktuelt for dei å flytte til eit klyngetun. Som tala syner, så er det ein interesse i marknaden for klyngetun. Men det store fleirtal kunne ikkje tenke seg å bu på klyngetun.

## **5.3 Beskriving av bakgrunnskjennetegn til eventuelle interesserte/uinteresserte respondentar**


I dette kapitlet vil vi ved hjelp av søylediagram vise korleis dei som er interesserte i klyngetun og dei som ikkje er interesserte i klyngetun svarde på dei sju første spørsmåla, spørsmål 13 og spørsmål 17. Det vil sei spørsmåla kjønn, alder, sivilstand, born, utdanning, utdanning partnar, arbeidssituasjon, tilknyting til Sogn og Fjordane og inntekt. Kan vi finne ein forskjell mellom dei som er interesserte og dei som er uinteressert.




Figur 5.3.1 *Interessert/uinteressert og kjønn*

Figur 5.3.1 visar at 43 % av dei som er interessert i å bu på eit klyngetun er menn, tilsvarende tal for dei uinteresserte er 49 %. 57 % av dei som er interessert er kvinner og tilsvarende tal for dei uinteresserte er 51 %. Det er ikkje dei store forskjellane mellom dei interesserte og dei uinteresserte når det gjelde kjønn.

Figur 5.3.2 visar at 4 % av dei som er interessert i å bu på eit klyngetun er mellom 25 år og 29 år, tilsvarende tal for dei som er uinteresserte er 7 %. Av dei som er interessert så er 26 % mellom 30 år og 39 år, tilsvarende tal for dei som er uinteresserte er 29 %. Av dei som er interessert så er 26 % mellom 40 år og 49 år, tilsvarende tal for dei som er uinteresserte er 24 %. Av dei som er interesserte så er 39 % mellom 50 år og 60 år, tilsvarende tal for dei som er uinteresserte er 32 %. Av dei som er interesserte så er 4 % over 60 år og tilsvarende tal for dei uinteresserte er 8 %. Det er ikkje store forskjellar i aldersfordeling mellom den interesserte og den uinteresserte gruppa. Den aldersgruppa det er størst forskjell i, er i aldersgruppa 50 år til 60 år.




*Figur 5.3.2 Interessert/uinteressert og alder*



*Figur 5.3.3 Interessert/uinteressert og sivilstand*

Figur 5.3.3 visar at 70 % av dei som er interesserte i å bu på eit klyngetun er gift, tilsvarende for dei uinteresserte er 58 %. Av dei som er interesserte er 4

% skilt, tilsvarande for dei uinteresserte er 13 %. Av dei som er interesserte er 17 % sambuar, tilsvarande tal for dei som er uinteresserte er 19 %. Av dei som er interesserte er 9 % ugifte, tilsvarande tal for dei uinteresserte er 11 %. Det er to variablar der det er litt forskjellar, og det er i variabelen gift og skilt. Det er flest interesserte i variabelen gift, og det er flest uinteresserte i variabelen skilt. I dei to andre variablane var det små forskjellar.




Figur 5.3.4 Interessert/uinteressert og antal born

Figur 5.3.4 visar at 35 % av dei som er interessert i å bu på eit klyngetun har null born, tilsvarande tal for dei som er uinteresserte er 42 %. Av dei som er interesserte så har 13 % eit born, tilsvarande for dei uinteresserte er 22 %. Av dei som er interesserte så har 35 % to born, tilsvarande for dei uinteresserte er 25 %. Av dei som er interesserte så har 17 % tre born , tilsvarande for dei uinteresserte er 11 %. Det var ingen respondentar som hadde fire eller fleire born. Det er litt forskjellar mellom dei uinteresserte og dei interesserte når det gjeld antal born, men det er størst forskjellar mellom dei som har eit og to born. Det er flest uinteresserte som har eit born, men det er flest interesserte som har to born. Når respondenten har to eller tre born er vedkommande meir interessert i å bu på klyngetun.


Figur 5.3.5 visar at 9 % av dei som er interessert i å bu på eit klyngetun har under vidaregåande skule, tilsvarande for dei uinteresserte er 1 %. Av dei som er interessert så har 17 % vidaregåande skule, tilsvarande for dei uinteresserte er 29 %. Av dei som er interessert så har 30 % ein til tre år høgare utdanning, tilsvarande for dei uinteresserte er 31 %. Av dei som er interessert så har 39 % over tre år med høgare utdanning, også dei uinteresserte har 39 % med over tre år høgare utdanning. Av dei som hadde høgare utdanning var det små forskjellar mellom dei interesserte og dei uinteresserte. Det var litt meir interesser for klyngetun av dei som hadde

under vidaregåande skule, mens det var flest uinteresserte av dei som hadde vidaregåande skule.




Figur 5.3.5 Interessert/uinteressert og utdanning

Figur 5.3.6 visar at ingen som er interessert i å bu på eit klyngeset har ein partnar som har under vidaregåande skule, tilsvarande for dei uinteresserte er 2%. Av dei som er interessert har 15 % av partnarane vidaregåande skule, tilsvarande for dei uinteresserte er 29 %. Av dei som er interessert har 15 % av partnarane ein til tre år høgare utdanning, tilsvarande for dei uinteresserte er 32 %. Av dei som er interesserte har 70 % av partnarane over tre år høgare utdanning, tilsvarande for dei uinteresserte er 38 %. Dette er den variabelen ein ser størst forskjell mellom dei interesserte og dei uinteresserte. Det er flest uinteresserte frå kategoriene under vidaregåande skule til tre år høgare utdanning. Men dei som har ein partnar med over tre år høgare utdanning er meir interessert i klyngeset. Denne forskjellen er også stor.




Figur 5.3.6 *Interessert/uinteressert og utdanning partner*



Figur 5.3.7 *Interessert/uinteressert og arbeidssituasjon*


Figur 5.3.7 visar at ingen av dei som er interessert i å bu på eit klyngetun er arbeidsledig, tilsvarende for dei uinteresserte er 1 %. Av dei som er

interessert er 9 % uførretrygda, tilsvarende for dei uinteresserte er 4 %. Ingen av dei som er interesserte er pensjonistar, tilsvarende for dei uinteresserte er 8 %. Av dei som er interesserte jobbar 48 % i privat sektor, tilsvarende for dei uinteresserte er 49 %. Av dei som er interesserte jobbar 35 % i offentleg sektor, tilsvarende for dei uinteresserte er 25 %. Av dei som er interesserte jobbar 4 % som sjølvstendig næringsdrivande, tilsvarende for dei uinteressante er 9 %. Av dei som er interesserte er 4 % studentar, også 4 % av dei uinteresserte er studentar. Det er ikkje så store forskjellar mellom dei som er interesserte og dei uinteresserte når det gjeld arbeidssituasjon. Eit lite unntak er dei som jobbar i offentleg sektor, for desse er meir interessert i klyngetun.



Figur 5.3.8 *Interessert/uinteressert og tilknyting til Sogn og Fjordane*

Figur 5.3.8 visar at 35 % av dei som er interesserte i å bu på eit klyngetun har tilknyting til Sogn og Fjordane, tilsvarende for dei uinteresserte er 41 %. Av dei som er interesserte har 65 % ikkje tilknyting til Sogn og Fjordane, tilsvarende for dei uinteresserte er 59 %. Det er små forskjellar i denne variabelen. Dei er litt meir interessert i klyngetun dei som ikkje har tilknyting til fylket.



Figur 5.3.9 *Interessert/uinteressert og inntekt (oppgett i 1000)*

Figur 5.3.9 visar at 22 % av dei som er interessert i å bu på eit klyngetun ikkje har oppgitt inntekta, tilsvarande for dei uinteresserte er 29 %. Av dei som er interesserte har 4 % ein inntekt mellom kr 0 og kr 199.999, og det var ingen av dei uinteresserte som hadde ein inntekt mellom kr 0 og kr 199.999. Av dei som er interesserte har 9 % ein inntekt mellom kr 200.000 og kr 399.999, tilsvarande for dei uinteresserte er 12 %. Det var ingen av dei interesserte som hadde ein inntekt mellom kr 400.000 og kr 599.999, tilsvarande for dei uinteresserte er 11 %. Av dei som er interessert har 39 % ein inntekt mellom kr 600.000 og kr 799.999, tilsvarande for dei uinteresserte er 29 %. Av dei interesserte har 26 % ein inntekt frå kr 800.000 og over, tilsvarande for dei uinteresserte er 19 %. Dei som har ein inntekt frå kr 600.000 og oppover er meir interessert i klyngetun.

Det var ikkje så store forskjellar mellom dei som er interessert og dei som er uinteressert, i dei fleste variablane. Men det var ein stor forskjell mellom dei interesserte og dei uinteresserte, og det var dei som hadde partnar med over tre år høgare utdanning. Interessa for klyngetun var mykje høgare for dei som hadde ein partnar med over tre år høgare utdanning.

## 5.4 Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for klyngetun

Som forklart i kapittel 3.4, vert det nytta diskriminantalyse for å sjå om det kan påvisast nokon årsakssamanheng bak interessa for klyngetun. Til dette vert det nytta ein test som vi kallar for Wilks' Lambda. Wilks' Lambda vil for kvar av dei uavhengige variablane vera forholdet mellom varians innanfor gruppa (til dømes gruppa som er interessert i klyngetun) og total varians. Målet er at Wilks' Lambda skal vera liten. Wilks' Lambda kan ha ein verdi mellom 0 og 1.

Step		Tolerance	Min. Tolerance	F to Enter	Wilks' Lambda
0	tilknytsogf	1,000	1,000	,166	,998
	Kjønn	1,000	1,000	,647	,994
	Alder	1,000	1,000	,012	1,000
	barn	1,000	1,000	1,016	,990
	Utdann	1,000	1,000	1,085	,990
	utpart	1,000	1,000	4,061	,963
	Partnar	1,000	1,000	,804	,992
	inntekt	1,000	1,000	,052	1,000
1	tilknytsogf	,988	,988	,378	,959
	Kjønn	,938	,938	1,741	,947
	Alder	,999	,999	,032	,962
	barn	,896	,896	,136	,962
	Utdann	,829	,829	4,040	,927
	Partnar	,319	,319	1,755	,947
2	tilknytsogf	,982	,815	,569	,922
	Kjønn	,933	,776	2,022	,909
	Alder	,976	,811	,226	,925
	barn	,889	,740	,039	,926
	Partnar	,312	,278	2,592	,904
	inntekt	,849	,737	,193	,925

Tabell 5.4.1 Variablar som ikkje er med på dei ulike trinna i analysa.

Analysa startar med trinn 0, der den mest signifikante variabelen vert plukka ut. Frå tabell 5.4.1 ser vi at dette er variabelen "utdanningsnivå til ein eventuell partnar", ved at denne variabelen har lågast verdi på Wilks' Lambda og høgast F-verdi. Denne variabelen vert dermed fyrst plukka ut i den stegvise analysa. Programmet gjer no ein ny test på dei gjenverande variablane i datasettet og plukkar ut den mest signifikante variabelen som er igjen i datasettet. Dette vert gjenteke til alle signifikante variablar er tekne ut. Dei variablane som vert plukka ut finn vi igjen i tabell 5.4.2. Av tabell 5.4.2 ser vi at analysa endar opp med to signifikante variablar, nemleg utdanningsnivået til partnaren og eige utdanningsnivå. Med andre ord kan vi konkludera med at dei einaste variablane som er signifikant årsaksforklaringar til ein interesse eller uinteresse for klyngetun er utdanningsnivået til respondenten og utdanningsnivået til respondenten sin partnar.

Step		Tolerance	F to Remove	Wilks' Lambda
1	utpart	1,000	4,061	
2	utpart Utdann	,829 ,829	7,070 4,040	,990 ,963

Tabell 5.4.2 *Variablar i analysa.*

Vi ser no på to overordna vurderingar av diskriminantanalysa, noko vi gjer i tabellane 5.4.3 og 5.4.4. Tabell 5.4.3 syner eigenverdien til modellen og vi ser at den kanoniske korrelasjonen er på 0,271. Denne testverdien kan ligga mellom 0 og 1. Ein høg verdi på den kanoniske korrelasjonen indikerer ein god modell. Vår verdi på 0,271 må seiast å vera i lågaste laget, noko som tilseier at modellen må tolkast med varsemd.

Function	Eigenvalue	% of Variance	Cumulative %	Canonical Correlation
1	,079(a)	100,0	100,0	,271

Tabell 5.4.3 *Eigenverdien til modellen.*

Test of Function(s)	Wilks' Lambda	Chi-square	df	Sig.
1	,927	7,909	2	,019

Tabell 5.4.4 *Wilks' Lambda test på heile modellen.*

Tabell 5.4.4 syner Wilks' Lambda test på heile modellen. Denne har verdien 0,927 og dette er klart signifikant. Vi har dermed ein situasjon der dei to overordna vurderingane av modellen konkluderer på ulik måte. Modellen vår får svak støtte i den kanoniske korrelasjonen testen, medan den vert vurdert som klart signifikant i Wilks' Lambda testen. Dette tilseier at resultata frå diskriminantanalysa må tolkast forsiktig.

	Function
	1
Utdann	-,785
utpart	1,024

Tabell 5.4.5 *Standardiserte diskriminant funksjon koeffisientar.*

Tabell 5.4.5 syner dei standardiserte diskriminant funksjon koeffisientane. Tabellen rapporterer dei to signifikante variablane i modellen, nemleg utdanningsnivået til respondenten og utdanningsnivået til ein eventuell partnar til respondenten. Som vi ser er fortegnet til koeffisientane forskjellige. Dette betyr at dei to variablane dreg i kvar sin retning som årsaksforklaringar. Den første variabelen, utdanningsnivået til respondenten, har ein verdi på -0,785. Dette tolkar vi som at det er ein negativ samanheng mellom utdanningsnivået til respondenten og interessa for klyngetun. Dess høgare utdanning respondenten har, dess mindre interessert er vedkomande i å busetja seg i klyngetun. Dette kan ha samanheng med at dess høgare utdanning folk har, dess meir kresne vert dei i forhold til kva type arbeid dei vil ha.

For den andre variabelen i analysa, utdanningsnivået til ein eventuell partnar, ser vi at koeffisienten er på 1,024. Altså med motsett fortegn av den forrige variablen. Dette tyder på at dersom respondenten har ein partnar med høg utdanning, dreg dette i retning av meir interesse for å busetja seg i klyngetun. Respondentane er dermed meir optimistiske på partnarane sine vegner med omsyn til å ordne seg med relevant arbeid ved flytting enn kva dei er for eigen del. Noko av forklaringa på dette kan liggja i at ein har betre og meir realistisk forståing for eigne muligheter på arbeidsmarknaden enn kva ein har for partnaren sin del.

Konklusjonen må som nevnt tidlegare tolkast med varsemd. Modellen sett under eit var signifikant i den eine overodna testen, Wilks' Lambda, men fekk svak støtte i den kanoniske korrelasjonen. Samstundes vart det avdekkta berre to signifikante variablar. Dette kan skuldast at årsaksforholda bak ein eventuell interesse for å busetje seg i klyngetun er mangearta og lite homogen. Folk har rett og slett svært mange forskjellige grunnar til å vera interessert i å busetja seg i klyngetun. Når grunnane er mange, er det vanskelegare å avdekkja dei gjennom ein slik statistisk test som vi har gjort.

### **5.5 Kva er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for å flytte til Sogn og Fjordane?**

For å studera dei viktigaste årsaksforholda bak ein interesse for å flytte til Sogn og Fjordane, nyttar vi diskriminantanalyse slik som beskrevet i kapittel 3.4, 3.5 og 5.4. Som i forrige underkapittel nyttar vi Wilks' Lambda. Wilks' Lambda vil for kvar av dei uavhengige variablene vera forholdet mellom varians innanfor gruppa (til dømes gruppa som er interessert i å busetja seg i Sogn og Fjordane) og total varians. Målet er at Wilks' Lambda skal vera liten. Wilks' Lambda kan ha ein verdi mellom 0 og 1.

Step		Tolerance	Min. Tolerance	F to Enter	Wilks' Lambda
0	Kjønn	1,000	1,000	1,581	,985
	Alder	1,000	1,000	1,200	,989
	barn	1,000	1,000	5,249	,952
	Utdann	1,000	1,000	,041	1,000
	utpart	1,000	1,000	1,044	,990
	inntekt	1,000	1,000	,616	,994
	tilknytsogf	1,000	1,000	1,925	,982
	Partnar	1,000	1,000	,382	,996
1	Kjønn	,996	,996	1,160	,942
	Alder	,874	,874	,085	,952
	Utdann	,997	,997	,105	,951
	utpart	,896	,896	,085	,952
	inntekt	,954	,954	,086	,952
	tilknytsogf	,975	,975	1,021	,943
	Partnar	,876	,876	,038	,952

Tabell 5.5.1 Variablar som ikkje er med på dei ulike trinna i analysa.

Analysa startar med trinn 0, der den mest signifikante variabelen vert plukka ut. Frå tabell 5.5.1 ser vi at dette er variabelen ”barn”, ved at denne variabelen har lågast verdi på Wilks’ Lambda og høgast F-verdi. Denne variabelen vert dermed fyrst plukka ut i den stegvise analysa. Programmet gjer no ein ny test på dei gjenverande variablane i datasettet. Tabell 5.5.1 syner at det i steg 1 ikkje er nokre signifikante variablar igjen. Dette ser vi ut frå at F-verdiane ikkje er større en vel 1.

Av tabell 5.4.2 ser vi dermed at analysa endar opp med ein signifikant variabel, nemleg antal barn. Med andre ord kan vi konkludera med at den einaste bakgrunnsvariabelen som er ein signifikant årsaksforklaring til ein interesse eller uinteresse for å flytta til Sogn og Fjordane er antal barn som respondenten har.

Step		Tolerance	F to Remove
1	barn	1,000	5,249

Tabell 5.5.2 *Variabel i analysa.*

Som i kapittel 5.4 ser vi no på to overordna vurderingar av diskriminantanalysa, noko vi gjer i tabellane 5.5.3 og 5.5.4. Tabell 5.5.3 syner eigenverdien til modellen og vi ser at den kanoniske korrelasjonen er på 0,218. Denne testverdien kan liggja mellom 0 og 1. Ein høg verdi på den kanoniske korrelasjonen indikerer ein god modell. Vår verdi på 0,218 må seiast å vera i lågaste laget, noko som tilseier at modellen må tolkast med varsemd.

Function	Eigenvalue	% of Variance	Cumulative %	Canonical Correlation
1	,050(a)	100,0	100,0	,218

Tabell 5.5.3 *Eigenverdien til modellen.*

Test of Function(s)	Wilks' Lambda	Chi-square	df	Sig.
1	,952	5,098	1	,024

Tabell 5.5.4 *Wilks’ Lambda test på heile modellen.*

Tabell 5.5.4 syner Wilks’ Lambda test på heile modellen. Denne har verdien 0,952 og dette er klart signifikant. Vi har dermed ein situasjon der dei to overordna vurderingane av modellen konkluderer på ulik måte. Modellen vår får svak støtte i den kanoniske korrelasjonen testen, medan den vert vurdert som klart signifikant i Wilks’ Lambda testen. I tillegg har vi den situasjonen at analysa berre klarer å avdekka ein signifikant variabel, nemleg ”antal barn”. Dette tilseier at resultata frå diskriminantanalysa må tolkast forsiktig.

	Function 1
barn	1,000

Tabell 5.5.5 *Standardiserte diskriminant funksjon koeffisient.*

Tabell 5.5.5 syner den standardiserte diskriminant funksjon koeffisienten. Tabellen rapporterer den signifikante variablen i modellen, nemleg antal barn respondenten har. Som vi ser er fortegnet til koeffisienten positivt. Dette betyr at antal barn respondenten har dreg i retning av meir interesse for å busetja seg i Sogn og Fjordane. Dess fleire barn respondenten har, dess meir interessert er vedkomande i å busetja seg i Sogn og Fjordane.


Konklusjonen må som nevnt tidlegare tolkast med varsemd. Modellen sett under eit var signifikant i den eine overodna testen, Wilks' Lambda, men fekk svak støtte i den kanoniske korrelasjonen. Samstundes vart det avdekkta berre ein signifikant variabel. Dette kan skuldast at årsaksforholda bak ein eventuell interesse for å busetje seg i Sogn og Fjordane er mangearta og lite homogen. Folk har rett og slett svært mange forskjellige grunnar til å vera interessert i å busetja seg i fylket. Når grunnane er mange, er det vanskelegare å avdekka dei gjennom ein slik statistisk test som vi har gjort.

Eit anna poeng er at undersøkinga viser at interessa for å busetja seg i klyngetun er større enn å busetje seg i Sogn og Fjordane. Sidan færre respondentar er interessert i å busetja seg i Sogn og Fjordane, vil modellen under kapittel 5.5 vera därlegare fundert enn modellen i kapittel 5.4. Dette kan også vera noko av forklaringa på at vi berre har ein signifikant variabel i den siste modellen.


## **5.6 Kva er viktig for å flytte ut av Bergen og til ein distriktskommune**

Spørsmål nummer 16 frå spørjeskjemaet tar opp kva som er viktig for respondenten viss han skulle flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Det er 14 variablar som respondenten kan svare på ein likert skala frå 1 til 7, der 1 er ikkje viktig og 7 er viktig. Vi har delt opp i to grupper der det er ei gruppe som er interessert i å bu på klyngetun og ei som ikkje er det.

Dei som er interessert i å bu på klyngetun meiner det er viktigare at barn får kontakt med dyr enn kva tilfellet er for dei uinteresserte, når dei skal grunngi kva som skal få dei til å flytte frå Bergen.



Figur 5.6.1 Interessert/uinteressert og *barn får kontakt med dyr*



Figur 5.6.2 Interessert/uinteressert og *tilgang til natur*

Dei som er interessert i å bu på klyngetun har ikkje gitt lågare score enn fem, mens dei uinteresserte har gitt karakter frå ein til sju. Men på scoren seks og sju er det ein klar majoritet av dei interesserte. Så det kan sjå ut til at

dei som er interessert i klyngetun er meir fritidsinteresserte enn kva tilfellet er for dei uinteresserte.

Dei andre variablane var det ikkje så store forskjellar mellom dei interesserte og dei uinteresserte. Det kan sjå ut til at dei som er interessert i klyngetun er meir opptatt av naturen og dyr enn kva tilfellet er for dei som ikkje er interessert i klyngetun.

## 6 Konklusjon

Det er interesse i marknaden for klyngetun. Kor stor interessen er, avheng av kor streng definisjon ein skal nytta for å karakterisera ein respondent som interessert. På spørsmålet om interesse for klyngetun, kunne respondentane svara på skalaen 1-7, der 1 er ingen interesse og 7 er svært interessert. Definerer vi interesse som dei som svarde alternativ 7, finn vi at 5 % av respondentane er interessert. Definerer vi derimot interesse som over middels interessert, dvs svar i kategorien 4-7, vil interessa kunne seiast å vera 23 %.

Det var mange som sa at klyngetun var ein god ide, men at det ikkje var aktuelt for dei sidan dei var etablert i Bergen. Dette var ofte personar som hadde passert 50 år, og dei meinte at klyngetun måtte vere ein god ide for dei som var småbarns foreldre.

Fellesskapet og det sosiale var det som oftast vart nemnt som positivt med klyngetun. Nokre meinte at ein mangla dette i dagens samfunn, og dermed kunne klyngetun vere ein god løysing på dette. Negativt med klyngetun er privatlivets fred og om ein kom overens med dei ein budde saman med. Respondentane ville ikkje at naboen visste alt om alle og at ein dermed ikkje kunne få noko privatliv. Enkelte var redd for at dette lett kan skje på ein lite plass. Elles måtte ein bu saman med folk ein kom overens med viss ein skulle trivast. Og dette var eit usikkerheitsmoment for enkelte.

Livsstil er viktigare enn bukostnader når dei som er interesserte i klyngetun skal grunngje kvifor dei skulle flytte til eit klyngetun. Dei vil kjøpe tomt for å bygge sjølv, og bustaden skal ligge i utkanten av tunet.

Det var to bakgrunnskjenneteikn variablar som påverka om dei som var interesserte eller uinteressert til klyngetun. Variabelen utdanning visar at hadde du vidaregåande skule, då var du ikkje så interessert i klyngetun. Det var ellers små forskjellar mellom dei andre utdanningsnivåa. Den største forskjellen ser du blant dei respondentane som har partnar med over tre år høgare utdanning. I denne gruppa er majoriteten interessert i klyngetun.

Ved hjelp av diskriminant analyse undersøkte ein kva som er dei viktigaste årsaksforholda bak ein eventuell interesse eller uinteresse for klyngetun. Analysen kom ut med to variablar som påverka interesse eller uinteresse for klyngetun. Det første resultatet var at dess høgare utdanning respondenten har til mindre interessert blir vedkommande i klyngetun. Og det andre resultatet var at til høgare utdanning partnaren har dess meir interessert blir respondenten i klyngetun. Denne analysen må tolkast med varsemd, sidan den fekk svak støtte i testen. Det vart berre avdekkja to signifikante variablar. Dette kan skuldast at årsaksforholda bak ein eventuell interesse for å busetje seg i klyngetun er mangearta og lite homogene. Folk har rett og slett svært mange forskjellige grunnar til å vera interessert i å busetja seg i klyngetun. Når grunnane er mange, er det vanskelegare å avdekkja dei gjennom ein slik statistisk test.

Det vart også brukt ein diskriminant analyse for å sjå om det var nokre årsaksforhold bak ein eventuell interesse eller uinteresse for å flytte til Sogn og Fjordane. Resultatet av analysen var at dess fleire born respondenten har dess meir interessert blir vedkommande å busetje seg i Sogn og Fjordane. Også denne analysen må tolkast med varsemd, av same grunn som ovanfor.

I tillegg såg vi om det var nokre felles variablar mellom dei interesserte og uinteresserte på spørsmålet om kva som skulle få respondenten til å flytte frå Bergen og til ein distriktskommune. Dei som er interessert i klyngetun meiner at tilgang til natur og at barn får kontakt med dyr er viktigare enn kva tilfellet er for dei som er uinteressert i klyngetun. Det kan tyde på at dei som er interessert i å bu på klyngetun er meir opptatt av friluft og dyr enn kva tilfellet er for dei som ikkje er interessert.

## **Litteratur liste**

Birks, David F. og Malhotra Naresh K. (2003): Marketing Research an applied approach. Prentice Hall

Bergens Tidende, Hus og heim.

Selnes, Fred (1999): Markedsundersøkelser. 4.utgave. Tano.

Linnerud, Oklevik og Slettvol (2004): Statistisk analyse med SPSS. Notat nr 13/2004 Høgskulen i Sogn og Fjordane.

## Vedlegg 1

### Spørjeskjema klyngetun

Mitt namn er Are Njøsen, og eg gjennomfører ein spørjeundersøking for fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Undersøkinga skal sjå på interessa i marknaden for nye alternative buformer på bygdene. Er det greit at eg stiller nokre spørsmål?

1) Kjønn?

Mann

Kvinne

2) Alder?

.....

3) Sivilstand?

Gift

Skilt

Sambuer

Ugift

4) Antal born i husstanden?

0      1      2      3      4      over 4

5) Utdanning (svar på spørsmål 6 viss respondent bur saman med ein partnar)?

Under vgs år høg utdanning	Vgs	1-3 år høg utdanning	over 3
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

6) Utdanning på partnar?

Under vgs år høg utdanning	Vgs	1-3 år høg utdanning	over 3
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

7) Noverande arbeidssituasjon?

Arb.ledig	Uføretrygd	Pensjonist	Priv.sektor	Off.sektor
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Selvstendig/næringsdrivende	Student			
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>			

Klyngetun er ein buform der andre enn bonden og hans familie bur ved garden. Personar utan tilknyting til garden kan kjøpe/leige seg tomt på gardsbruket og bu i landlege omgjevnader. Tanken er at fleire familiar bur rundt eit gardsbruk, og at ein dermed kan kombinere kontakt med andre familiar samtidig som at ein bur skjerma frå støy og stress. Konseptet inneberer at ein då får tilgang til fellesareal, bygningsmasse og utmark til gardsbruket.

8) På ein skala frå 1 – 7, der 1 er ingen interesse og 7 er svært interessert, kor interessert er du i å bu i eit klyngetun?

Ingen interesse		Svært interessert				
1	2	3	4	5	6	7

9) Kva virkar å vere bra/dårleg med klyngetun (oppfølging sp.)?

Bra:

Dårlig:

10) Kvar på garden ville du bu? (svar her viss ein har interesse frå 2 og oppover frå sp.8)

Inne på tunet

I utkanten av tunet

**11) Kva eigarforhold vil du velge? (svar her viss ein har interesse frå 2 og oppover frå sp.8)**

Leige hus i ein periode

Leige hus med tanke på kjøp

Kjøpe tomt for å byggje sjølv

**12) Dersom du skulle flytte til eit klyngetun, kva ville betydd mest?**

Lågare bukostnader Ein anna livsstil enn kva eg har i dag

**13) Har du tilknyting til Sogn og Fjordane (venner, familie osv.)?**

Ja                  Nei                  Veit ikkje

Kva for tilknyting? .....

14) På ein skal frå 1 – 7, der 1 er ingen interesse og 7 er stor interesse, kor interessert er du i å bu i Sogn og Fjordane ?

Ingen

1

2

3

4

5

6

Høg

7

Kvífor interessert/uinteressert: .....

15) Er det aktuelt å bu i andre deler av distrikts Norge enn Sogn og Fjordane?

16) Kva er viktig for deg for at du skal flytte ut av Bergen og til ein annan distriktskommune, til dømes i Sogn og Fjordane?

	ikkje viktig				viktig	
Relevant jobbmoglegheit	1	2	3	4	5	6
Godt næringsmiljø	1	2	3	4	5	6
Barnehageplass	1	2	3	4	5	6
Avstand til skulen	1	2	3	4	5	6
Helsetilbod	1	2	3	4	5	6
Kommuneøkonomi	1	2	3	4	5	6
Kollektivtilbod	1	2	3	4	5	6
Stort fritidstilbod	1	2	3	4	5	6
”Alle kjenner alle”	1	2	3	4	5	6
Tilgang til natur	1	2	3	4	5	6
Barn får kontakt med dyr	1	2	3	4	5	6
Mindre stress	1	2	3	4	5	6
Avstand til butikkar	1	2	3	4	5	6
Tilgang på kultur	1	2	3	4	5	6

17) Kva er samla inntekt til husstanden?